

Årsmelding 2023 Gol og Herad sokn

– Fellesrådet

Gol og Herad sokn arbeider etter

Lov om tros- og livssynssamfunn kap 3. §10 og 11.

**«Formålet (...)er å legge til rette for at
Den norske kirke forblir en landsdekkende og
demokratisk evangelisk-luthersk folkekirke.
Soknet er den grunnleggende enheten i
Den norske kirke og kan ikke løses fra den...»**

Fellesrådet i Gol og Herad har i 2023 hatt
7 møter og det er handsama 41 saker.

Fellesrådet 1. jan – 30. november:

Gunn Astrid Frøysok – leiar, Jorunn Viljugrein Stake – nestleiar

Heidi Granli -kommunens representant, Arnstein Bleiktvedt – prest.

Olveig Synnøve Engene, Ole Dag Møllerplass, Hilde Midtgård, Wenche Dahl-Michelsen Fløysand,
Evi Anita Torp, Inger Lagmannsgård,

Fellesrådet 1. desember –

Kjetil Th. Storebråten – leiar, Ingebjørg By Teigen – nestleiar

Kristin Bakke Haugen – kommunens representant, Arnstein Bleiktvedt – prest. Hilde Midtgård,
Sonja Vestheim, Ellen Hesla, Bjørg Møllerplass, Ole Roar Hagen, Helge krusedokken.

I det fylgjande blir det gjort greie for drifta i 2023 fordelt på

1. Administrasjon
2. Kyrkjer og bygg
3. Gravplassar (kyrkjegardar)
4. Anna kyrkjeleg verksemd (Diakon, kantor og trusopplærar leverer eigen årsmelding)

1. Administrasjon

Tilsette:

Kyrkjevevje Kjellfred Dekko

100% stilling

Sekretær Thorunn Haugo

50 + 10% stilling (Sekretær i 30% stilling i Hemesdal kyrkje)



Det administrative blir i hovudsak teke hand om av Haugo og Dekko. Tilrettelegging av gudstenester og kyrkjelege handlingar blir gjort i samarbeid med soknepresten og dei andre tilsette. Det knytter seg ein del administrativt arbeid i samband med dåp, gravferder og vigslar. Gode rutiner med jamnlege møter gjer jobben lettare for alle.

Kyrkjeverja vikarierte som kyrkjeverje på Nes i perioden 15. mai – 30. september. Dette kom i tillegg til 100% stilling i Gol og Herad sokn. Fellesrådet fekk melding om dette på førehand.

Haugo jobbar også som sekretær for Hemsedal sokn. Stort sett blir kontoret på Gol brukt også til dette føremålet. Samarbeidet med Hemsedal er bra.

I september hadde Gol og Hemsedal felles stabstur til Vestfold med besøk på Vestfold krematorium, Sansekirken i Andebu, Nedre Eiker kirke og Solberg Atelier.

I samband med HMS er det gjennomført prostidag på Flå for tilsatte. Det var fokus på førstehjelp og arbeidsmiljø. Det nye soknerådet fekk ein gjennomgang på brannrutiner i Gol og Herad kyrkje. Tilsette var også med på brannøvinga.

Hausten 2024 vart det gjennomført medarbeiderundersøking for alle tilsette i kyrkja. Det var gode resultat for Gol, men personalarbeid er ein kontinuerleg prosess og me jobbar vidare.

Yrkesmessa 2023 vart avvikla på Storefjell i januar. Dette var eit samarbeid mellom alle fellesråda i Hallingdal, men Gol hadde eit stort ansvar både med tilrettelegging og gjennomføring.

Det var kyrkjeval i 2023. Nomineringsarbeidet vart gjort av ein komité på tre medlemmar. Vallista var breitt samansett, og det var gjort ein solid jobb kring valet. Med ei valdeltaking på 12,7% var Gol og Herad sokn lågast i Hallingdal, men var likevel godt over landsgjennomsnittet på 9,07%. Valvaktene tok jobben på dugnad, og overskytande av den tildelte pengestøtta til val gjekk til soknerådet.

2. Kyrkjer og bygg

Tilsette:

Kyrkjetenar Ludvig Munkejord 100% stilling

Kyrkjetenar Knut Ole Klepp 40% stilling

Klokkarar

Conrad Alexander Ravnanger

Gro Jordheim

Ingrid Lono Smedsgård

Dei solslitte veggane utvendig på Herad kyrkje vart beisa.

Jordheim Malerservice utførte arbeidet.

Branntilsyn vart foreteke på begge kyrkjene. Det var nokre merknader som me raskt retta opp.

Alt av sløkkeutstyr er no kontrollert. Mange brannsløkningsapparat vart skifta ut då til dømes håndsløkkaren av merket Suveren frå 1982 ikkje lenger er den mest suverene. Sløkkeutstyr og naudlys er no i samsvar med forskriftene.



Regnet tok også dette året vegen gjennom taket og ned i Gol kyrkje. Fellesrådet fekk tilført pengar frå Hovedorganisasjonen KA for å gjennomføre tilstandsrapport i kategori 3.

Multiconsult utførte arbeidet, og leverte ein rapport som seier at taket må skiftast ut og nytt undertak må på plass. Arbeidet kostar om lag 6 millionar, og må gjerast innan 5 år!

Med bakgrunn i tilstandsrapporten løyvde Riksantikvaren 1 million kroner til reparasjons- og byggearbeid. Alt no kan me bruke av midlane til vøling av taket.

Det var store skader på hovudstemma i orgelet i Herad kyrkje, og fellesrådet vedtok å restaurere stemma. Frontpipene (principal 8) vart sendt til Nederland der Orgelverksted Sicco Steendam utførte reparasjonsarbeidet. Kyrkjeverja vurderte det til at orgelet måtte intonerast på nytt. Instrumentet kling no godt, og det er bra samsvar mellom stemmene.



3. Gravplass / kyrkjegard

Tilsette

Ludvig Munkejord og Knut Ole Klepp (Kombinerte stillingar)

Sommarhjelper

Helene Skredderberget Stensrud

Niel Cameron

Det er heilt naudsynt med ekstrahjelp på kyrkjegardane. Det var mykje regn i sommar og dermed vart det ikkje slege så mykje gras som ein helst skulle.

Uværet «Hans» råka kyrkjene i mindre grad. Ein kyrkjegardsveg rann ut, og måtte grusast opp på nytt. Me held tilsyn med kyrkjene, og var mest redd for at Hallingdalselva skulle dra seg inn i kjellar og bårerom i Herad kyrkje, men det greidde seg bra. Ei gravferd vart på grunn av flaumen utsatt nokre dagar.

Fellesrådet vedtok å kjøpe inn ny sitteklyppar på Gol kyrkjegard.

Nes kyrkjelege fellesråd var utan kyrkjetenar ein periode utover hausten. Dei trengde profesjonell hjelp til å avvikle gravferder, og Ludvig Munkejord vikarierte.

Kyrkja har stellavtale på om lag 110 graver. Me fekk svært gode tilbakemeldingar i sommar.

Fellesrådet vedtok nye lokale vedtekter for gravplassane i kommunen. Dette var eit omstendeleg arbeid, men omsider fekk me godkjenning hjå statsforvalteren.

Det er teke inn særskilde bestemmelsar kring den namna minnelunden som kom i drift i 2023. Det er ein del interesse for denne formen for gravlegging, og i sommar vart det satt ned fire urner.

Skjerven A/S har hatt arbeidet som har vore leia av Miotech v/ Elin Lie. Det er Gol kommune som har hatt prosjektet i sin rekneskap.



4. Anna kyrkjeleg verksemd

Tilsette:

Diakon Diakon Martha Frøyland Bleikvedt	100% stilling	I permisjon 15. mai – 31. desember
Diakonimedarbeider Sissel Rudningen	70% stilling	frå 15. mai
Diakonimedarbeider Gerd Eli Berge	30% stilling	frå 1. september
Trusopplærar Britt Marie Haraldset	100% stilling	Gol 60% stilling/Hemsedal 40% stilling
Kantor Justin Vickery	100% stilling	

Trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk leverer eigen årsmelding.

Kyrkja i Gol og Herad er «Grønn menighet». Det skal vera eit miljøperspektiv i forkynning og ein skal ha fokus på det i dagleg drift.

Det har stor verdi å kunne nytte seg av lokale musikarar som kan bidra med å spele til kyrkjelege handlingar. Ein stor takk til dei som seier seg viljuge til dette.

Vikarmusikarar har vore:

- Ingunn Stræte
- Solveig Bråten
- Ingebjørg Solhjell
- Jo Asgeir Lie
- Peter Rødel
- Audun Haugeplass

I tillegg til god musikk på gudstenestene og andre samlingar i soknet bidreg organisten med enkelte konsertar i kyrkjene. Det har vore konsert med Demenskoeret, samt Ine og Edvard Hoem. Den tradisjonelle adventskonserten samla bra med folk.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Gol og Hemsedal er gjeitt ut med 6 nummer. Den stabile og svært gode bladnemnda arbeider godt, og leverer blad med kvalitet.

I redaksjonen:

- Gunnar Rudningen
- Ludvig Munkejord
- Kjell Slåtten
- Sølvi Larsen Aalrust
- Arne Oddmund Tuv (kasserar)

Me veit at bladet er mykje lest, og at folk ser fram til at det kjem i postkassa. Utgiftene for trykking og distribusjon har gjeunge opp, og inntektene med frivillige bladpengar har gjeunge ned. Utgifter og inntekter møtes ikkje, og fonda som er knytt til kyrkjebladet er så godt som tomme. Sokneråda må sjå kva som kan gjerast for at medlemmane våre framleis kan få informasjon på papir og etterkvart eit betre tilbod på digitale plattformer.

Takk til dei som jobbar med kyrkjebladet.

Litt frå statistikken som er sendt Statistisk sentralbyrå:


	2022	2023
Gudstenester	70	68
Deltakarar på gudstenester	4287	4181
Deltakarar på juleaftan- gudstenester	367	476
Døyppte	35	28
Vigslar	10	8
Gravlagte	44	27
Andakt på institusjon	22	27

Takk til alle som har delteke i det kyrkjelege arbeidet i Gol og Herad sokn i året som gjekk. Ein særleg takk til sokneråd / fellestråd for god innsats gjennom fireårsperioden. Saman med friviljuge og tilsette har de -slik det står i strategiplanen for Den norske kyrkja- vore med på å skape **meir himmel på jord**.

Kjetil Th Storebråten
-fellestrådsleiar-

Kjellfred Dekko
-kyrkjevevje-

ÅRSRAPPORT 2023 – MUSIKK.



2023 har vært et aktivt år for kirkens musikkliv. Vår kantor har arrangert mange fine konserter og musikkandakter gjennom året. Onsdag før skjærtorsdag var det konsert for pasjonstiden i Herad kyrkje med Anne og Elise Brunner (piano og cello), sammen med organist Justin Vickery. Gjennom sommeren var det fem kveldsgudstjenester i stavkirken med forskjellige dyktige solister. Disse var godt besøkt.

På høsten startet Vickery en serie uformelle konserter ved lunsjtid i Herad kirke for å feire restaureringen av orgelet ved Steendam orgelbyggere. Det nederlandske firmaet Ikke bare produserte de nye 8ft. Principal piper (den viktigste stemmen i orgelet) komplett med bladgull, men gjorde også flere tonale forbedringer på instrumentet. Resultatet er en vellykket transformasjon, ikke bare hørbart, men også visuelt, og det vil fortsette å gi glede til alle som spiller og lytter til instrumentet i mange århundrer fremover, forhåpentligvis.

Adventskonserten var også meget godt besøkt og vi er takknemlige til alle som deltok - spesielt våre lokale kor - Kråkesølv, Tapas (dir. Gunn Ragnhild Stigen), Stjernen (dir. Hallvor Lilleslett) og Skagakoret (dir. Tori Snerte).

Gjennom året har sang spilt en viktig rolle i gudstjenestene og vi vil takke alle som har hjulpet til på denne måten men spesielt Gunnar Slaatto som beriker liturgien og salmesangen med sin fine stemme. Vi vil også takke Linda Krydsby, Karianne Østro, og Inger Johanne Østby som har spilt til viktige gudstjenester som konfirmasjoner, Langfredag og Allehelgensdag.

ÅRSMELDING 2023 FOR TRUSOPPLÆRINGA I GOL OG HERAD

Trusopplæringsutvalet:

Medlemmer: Marita Embre Stigen, Jorunn Viljugrein Stake, Heidi Bråten og Hilde Marie Berget. Vara: Evi Anita Torp.

Nyvald utval: Anne Anderdal, Hilde Midtun, Hilde Marie Berget og Heidi Bråten.

Trusopplæringsutvalet hadde eit møte i januar og eit i september.

Tilsette:

Britt Marie Haraldset Hafsås har 60% stilling som kyrkjelydspedagog i Gol og Herad og 40% i Hemsedal.

Dåp og dåpsbesøk:

I 2023 vart 21 born døypt i Gol og Herad. Trusopplæraren har ansvar for å skaffe materiell til utdeling ved dåpssamtalen og til dåpsbesøk ved 1-, 2- og 3-års dåpsdag. Det var 15 frivillige dåpsbesøkjarar som til saman hadde ansvar for å dele ut dåpsgåver til 72 born i 2023.

Babysong:

Babysong vert arrangert i samarbeid med Frelsesarmeen. Babysang har halde på den gode oppslutninga. Totalt var heile 43 barn frå 0 til 1 år innom babysang i 23. Det tilsvarar 88% av medlemstalet vårt i denne gruppa.



Foto: Anette Kristiansen

Førsteklasses:

Forsøket med å legge «førsteklasses» for 6-åringane tett opp mot skulestart har ikkje lykkast i særleg stor grad. På grunn av manglande påmelding vart det ikkje arrangert ettermiddagssamlingar. 3 stk kom på gudsteneste og fekk bok. Vurderer å legge dette littegrann seinare på hausten.

Tårnagenthelg:

Tårnagenthelg i juni vart avlyst grunna manglande påmelding.

Gardsbesøk og den gode hyrde

Gardsbesøk hos Heidi Bråten og Torgrim Bleiktvædt fekk berre 2 deltakarar.

Middelalderdagen for 4.trinn

Trusopplæraren arrangerte middelalderdagen for 4. klasse. Vi hadde fyrst ein halv dag med «pilegrimsvandring». Her går 4.klasse til Gol kyrkje, der vi har eit lite undervisningsopplegg, får høyre kyrkjeorgelet og diakonen kjem i rolla som pilegrim. Deretter går vi vidare opp til stavkyrkjetomta.

Nokon dagar etter møttest vi ved Gol stavkyrkje. Der snakka vi litt om stavkyrkja, om symbola og kunsten i den, før vi hadde 50-leiken på området utanfor etterpå.



Trusopplæring i naturen - Pilegrimsvandrerene

Vi inviterte 7. klassingane til pilegrimsvandring ein dag rett etter sommarferien starta, men fekk dessverre ikkje påmeldte. Ser ut til at vi må prøve ei helg før skuleslutt eller ein ettermiddag, om det kan vere meir interessant.

4-årsbok

Vi prøvde å invitere til Knøttekor-øvingar i forkant av gudsteneste, men det vart dessverre avlyst grunna manglande påmelding. 9 4-åringar kom på gudstenesten og fekk bok.

Gullrekka – 5 år:

Femåringane i Gol og Herad fekk ein spesiell invitasjon til å vere med på Gullrekka i mars, og gudstenesten der 4-åringane og deltok fekk dei ein DVD (med strømmekode) i gåve. 7 femåringar deltok.

KA-dag:

1.-3.- klasse var invitert til kyrkjeaktivitetsdag på skulen sin planleggingsdag i november. Vi starta, som tidlegare år, i Gol kyrkje, og gjekk ned til Gol bedehus. Det vart ein fin og roleg dag med 7 barn.

Lys Våken:

I desember var 5. klasse invitert til Lys Våken, men då det berre var ein påmeldt ved fristen måtte dessverre det arrangementet avlysast.

Between-klubb

Between-klubben er eit veldig populært tilbod til 4.-7.-klassingane. Vi har satsa på fem gonger i året, og det er aller mest deltaking frå 4.- og 5.-klasse. Kiosken er travel desse kveldane og ungane kosar seg med spel, playstation, bordtennis og biljard. Det er som regel over 30 deltakarar på kvar kveld, 39 er registrerte totalt.

Julekrybbevandring:

Vi fekk gjennomført 3 vandringar i kyrkjene med barnehagebarn, 1 i Herad kyrkje for Herad barnehage, og 2 i Gol kyrkje for Breidokk og Vesterhuset.

Konfirmanter:

Til saman var det 31 konfirantar i Gol og Herad i 2023. Det var igjen arrangert HEKTA konfirmantleir i Håkons hall på Lillehammer i februar og konfirmantane deltok der med fleire hundre konfirantar frå andre stader. I mars var det konfirmantfestival i samfunnshuset på Gol med konfirantar frå Hallingdal.

Gullrekka:

Gullrekka gjekk tilbake til å ha samlingar på fredagar ein kveld i månaden. I 2023 har 31 barn vore innom Gullrekka, med eit snitt på 9 deltakarar kvar gong.

Amadeus:

Ingvild Orset Svello gjorde eit godt arbeid med Amadeus, men hausten 23 var ikkje ho lenger tilgjengeleg, og trusopplærar overtok ansvaret. Vi satsa på ei samling i månaden, annakvar gong på fredag med klubbkveld litt som på Between-klubben og annakvar gong på laurdag med eit tema, som til dømes boblefootball. Oppslutningen var dessverre noko dalande utover hausten.

Bibelsporet (tidlegare vandring gjennom Bibelen for barn):

Trusopplæraren har ikkje hatt oppdrag i skulen på Gol i kalenderåret 2023.

Andre tilbod til barn og unge i regi av kyrkja:

Fårefestivalen: Vi hadde stand på Fårefestivalen med litt ulike aktivitetar.

Leirstøtte: Ingen leiraktivitet i 2023.

Fagleg samarbeid og kurs:

Britt Marie var på kurs i tilrettelegging på IKO i Oslo i mars., og på trusopplæringskonferansen på Gardermoen i oktober.

Det var i tillegg felles stabstur med staben i Hemsedal til Vestfold i september.

Takk

Takk til alle som har vore med å bidrege i trusopplæringa – tilsette, frivillige, foreldre og føresette! Koronapandemien ser ut til å ha sett spor i form av prioriteringar av kva vi deltek på. Vi strevar med mindre oppslutning enn tidlegare på ein god del fronter og må bruke tida til å prøve oss fram på kva som fenger og vurdere nye idear til korleis vi best favnar dagens barn og unge.

Det er likevel eit stort og gjevande arbeid me får vera med i – å fortelje barn og unge om Jesus, og vise dei at dei har ein plass i kyrkja der dei høyrer til.

Takk til Han som har gitt oss tenesta og oppgåva: « Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Britt Marie Haraldset, Gol, 13. februar 2024

6.5 Diakoniarbeidet

Diakoniutvalget

Medlem: Olveig Engene (leiar), Inger Lagmannsgård, Bjørg Hoftun, Ingebjørg Solhjell og Martha Frøyland Bleiktvedt (diakon)/Sissel Rudningen (diakonimedarbeidar)

Varamedlem: Hilde Midtgård og Solveig Rundhovde

Antal møter: 2 (februar og oktober)

Tiltak og aktivitetar

- Heimebesøk/samtaler/soknebud

Antal heimebesøk: 53

Antal samtaler utanom heimebesøk: 19

Antall soknebod:0

- Gratulasjonsbesøk til 90- og 100-åringar

17 personar som fylte anten 90 eller 100 år i 2023 fikk tilbod om besøk av diakonen eller ein frivillig. Gullrekka, Amadeus og konfirmentar har vore med og laga gåvene.

- Sorgarbeid

Dei som har mist ein av sine næraste det siste året, fekk invitasjon til ein open kveld for sørgjande på Gol bedehus 13. nov. Det var ingen som meldte seg på denne kvelden.

- Andakt og nattverdsgudsteneste på Gol helsetun og omsorgsboliger

Antal andakter: 21 på Helsetunet, 9 i Rundingen

Antal gudstenester: 3 (av 2 med nattverd) på Helsetunet, 1 med nattverd i Rundingen

- Diakonens time

Diakonen og Ingebjørg Solhjell besøker omsorgsboligar og Dagsenteret 1 gang i månaden. Program om lag 1 time, med sang, forteljing, biletframsyning og lystenning.

Furuvegen, Torstadvegen og Blågangen fekk til saman 27 besøk.

Dagsenteret fekk 10 besøk.

- Middag sammen

Gratis middag (med mulighet for å gje ei gåve) til alle som ønskjer eit måltidsfellesskap, andre torsdag i månaden på Gol bedehus. Tiltaket starta i mai-22 og har halde fram. Det har vore 35-60 personar innom kvar gong. Då vi hadde midlar frå Kirkerådet hadde vi mulighet til å bestille mat frå Kafé Makalaus og Helsetunet. No er det frivillige som lagar maten.

- Åpent hus på Gol bedehus

Formiddagstreff siste torsdag i månaden.

Komite: Sigrid Hoftun, Inger Lagmannsgård, Solveig Bleiktvedt og Martha F. B./Gerd Eli Berge/Sissel Rudningen

Antal treff: 7

I tillegg arrangerte vi ein dagstur til Rukkedalen og Levor Vestheim, Nes Fjellkyrkje med mat på Nystølkroken 28.september. 12 personar deltok på turen.

- Eldredagen

Den internasjonale dagen for eldre vart markert på gudstenest i Gol kyrkje 1. okt.

Fleire eldre var med på gudstenesta noko som sette ekstra fokus på den aldersgruppa. Helselaget hadde ansvar for kyrkjekaffe etter gudstenesta.

- Sangstund for menneske med nedsett funksjonsevne

Annan kvar onsdag på fellesstua i Helsetunvegen. Tiltaket får økonomisk tilskot frå Kristelig Studieforbund. For neste år evt søke tilskot frå andre, vore gjort tidlegare. T.d. Anders Jahre fond.

Antal deltakarar: 14 brukere + tilsette/ledsagere, Martha F. Bleiktvedt/Sissel Rudningen (leiar) og Justin Vickery (piano). I tillegg har vi hatt besøk av 2 stk frå Hemsedal+tilsette. Ein frå diakoniutvalet hjelper til på kjøkenet kvar gong.

Antal sangstunder: 15

I tillegg var sangstund med på gudstenest i Gol kyrkje 30.april og adventsstund i Herad kyrkje 6. desember.

- Kyrjekaffe

Diakoniutvalet hadde ansvar for kyrjekaffe på 3 gudstenester i tillegg til adventsstund med Sangstund. 2 av dei var Allehelgens.

- Måltidsfellesskap

Skjærtorsdag inviterte diakoniutvalet til måltidsfellesskap, med langbord i midtgangen, etter kveldsgudstenesta 6.april kl 18.00. Mange møtte. Det vart bestilt surdeigsbrød frå Surstugu v/Kristin Munkejord. Det var populært. Diakonen er med, og organiserar kven andre som hjelper til.

- Arbeid retta mot innvandrarak

o Torsdagstreffet for kvinner og born

Fleirkulturelt treff på Helselagsstugu tredje torsdagen i månaden. Samarbeid mellom Gol Helselag, Røde Kors og diakoniutvalet.

Komite: Gunhild Sørurn (Gol Helselag), Solveig Lindheim (Røde Kors), Marie Louise Mole, Birute Medelinskqite, Lily Piven og Martha F. Bleiktvedt/Sissel Rudningen/Gerd Eli Berge.

Antall treff: 10

Vi har dyrka grønnsaker på Renslojorget (Renslotunet) i år og. 5 stk var med.

o Språkkafé

Samarbeid med Gol bibliotek som held lokale og drikke - kaffe, te. Diakonen tar med litt kjeks. Om lag ein torsdag i månaden frå kl.17-19. Tiltaket er populært med om lag 10-20 vaksne og born kvar gong. Mange frivillige norske er med.

Antall samlinger: 8

- Medarbeiderfest 2023

Det vart ikkje laga til medarbeidarfest i 2023, då dette er annankvart år.

- Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

Innsamlingsaksjon med bøsser av konfirmantane, deira foreldre og frivillige den 28.mars med base på Gol bedehus. Diakoniutvalet hjalp til med servering og opptelling. Til saman samla dei inn 78.573 kr.

- Rullatormila

Den 18. august arrangerte vi Rullatormila for fjerde gong. Dette er i samarbeid med Dagsenteret og Helsetunet. Diakonen representerar Diakoniutvalet. Fleire frå kyrkjekontoret bidro. Ordføraren delte ut medaljer. Helsetunet sto for grillmat og is. 30 personar deltok på løpet. Arne Haugstad song og spelte for oss.

- Pilegrimsvandring

Vedlikehald av pilegrimsruta vart gjort i mai. Nokre stolper og skilt vart retta opp.

Vi hadde ei pilegrimsvandring i etterkant av gudstenesta 22. oktober. Vi starta vandra frå Herad kyrkje, og gjekk over Eiklesbrua, oppover vestsidevegen til stasjonsbrua og derifrå attende til Herad kyrkje via Hagaskogen. Dette er om lag halve ruta, og den tok om lag 3t. 5 stk var med, der to av dei kom den lange vegen frå Pilgrimssenteret i Oslo.

- Demenskoret

Diakonen med i organisering, øving og konsertar. Ein konsert på våren i Gol kyrkje og to i advent – i Gol og Hemsedal kyrkje. 27 medlemmer i koret, inkl ledsagarar og frivillige.

Gol, den 12. januar 2024

Sissel Rudningen